



Wergeland Gruppa AS

Saksbehandlar, innvalstelefon

Magne Nesse, 5557 2335

Endra løyve etter forureiningslova for ulike anleggstiltak i sjø ved Sløvåg for Wergeland Gruppa AS.

Statsforvaltaren i Vestland endrar Wergeland Gruppa AS sitt løyve etter forureiningslova til mudring, dumping, undervasssprenging og utfylling i sjø. Formålet med tiltaka er utviding av Sløvåg industriområde for mellom anna å etablere ein tørrdokk.

Tiltaka er planlagt utført frå andre kvartal 2026 og arbeida vil ta ca. to år, Løyve er gjeve med heimel i forureiningslova § 11, jf. forureiningsforskrifta § 22-6. Endringa er heimla i lovas § 18.

Vi viser til søknad om fornying av løyvet datert 20. januar 2026 frå Sweco på vegne av Wergeland Gruppa AS, samt tilleggsinformasjon sendt 12. mars 2026.

Bakgrunn


Statsforvaltaren gav 21. september 2020 løyve etter forureiningslova til Wergeland Gruppa AS for anleggsarbeid i sjø i Sløvåg, Gulen kommune.

Hovudaktivitetane var (Jf. figur 1):

Mudring og oppgraving: Fjerning av ca. 8 000 fm³ naturlege lausmassar og ca. 12 000 fm³ tidlegare utfylte sprengsteinsmassar. Føremål: Tiltaka skal leggja til rette for ei utviding av Sløvåg industriområde, inkludert etablering av ein ny djupvannstørrdokk (220 x 100 meter) og ein stabil liggeplass for jackup-riggar og andre tunge konstruksjonar

- Undervasssprenging: Sprenging av ca. 58 000 fm³ fast fjell under vatn.
- Dumping: Dumping av inntil 8 400 am³ lausmassar på ca. 170–190 meters djupne, omtrent 650 meter frå land.
- Utfylling i sjø: Bruk av ca. 123 000 am³ utsprengt stein til å etablere eit fundament (ei "plate") på ca. 25 meters djupne.





Figur 1 Kart som viser tiltaka omfatta av søknaden, plan av dokk og snitt av riggfundament i sjø (Sweco 2020)

Om endringa

Arbeida som skulle utførast frå desember 2020 og ut februar 2021 blei utsett, og oppstart er forventa i 2026. Løyvet frå 2020 gjekk ut etter to år og må fornyast. Verksemda opplyser at det er ikkje gjort endringar i planane for gjennomføring av arbeida. Dei planlagde avbøtande tiltaka for å redusere forureininga er dei same som beskrevet i søknaden 3. juni 2020 og som vart sett som vilkår i løyvet frå 21. september 2020.

Sakshandsaming

Vi vurderer at endring av løyvet til å være av mindre miljømessig betydning, og saka er derfor ikkje førehandsvarsla, jf. forureiningsforskrifta § 36-9 andre ledd bokstav b.

Statsforvaltarens grunngjeving

Rettsleg grunnlag

Forureiningslovas § 18 gir heimel til endring av tillatelser.

Om fornying av løyvet

Dette løyvet erstattar løyve gitt i 2020 til anleggsarbeid i sjø etter forureiningslova. Det opphavlege løyvet vart ikkje teke i bruk innan fristen på to år, jf. forureiningslova § 20, og er difor falle bort. Løyvet vert med dette fornya etter søknad frå tiltakshavar.

Tiltaket skal gjennomførast i samsvar med skildringa i søknaden av 2020. Tiltakshavar har opplyst at arbeidets omfang, metodebruk og framdrift er uendra samanlikna med det som låg til grunn for det tidlegare løyvet. Dei avbøtande tiltaka som vart stilte vilkår om i 2020-løyvet, vert vidareførte i dette løyvet.

Oppdaterte vilkår og nye tema

Sjølv om tiltaket er uendra, har kunnskapsgrunnlaget og forvaltningspraksis utvikla seg sidan 2020. Det har òg kome til nye problemstillingar og tema knytte til forureining som det i dag er vanleg å regulere gjennom vilkår i løyve etter forureiningslova.

Statsforvaltaren har difor gjort ei oppdatert vurdering av saka basert på gjeldande regelverk, tilgjengeleg kunnskap og oppdatert praksis. På denne bakgrunnen er det teke inn nye vilkår knytte til aktsemd ovanfor havnespy (vilkår 4.7) og for plast (vilkår 4.6).

Samla vurdering

Den samla vurderinga er at tiltaket framleis kan gjennomførast utan uakseptable verknader på miljøet, føresett at vilkåra i dette løyvet vert etterlevde. Dei oppdaterte og nye vilkåra er sette for å sikre at tiltaket vert gjennomført i tråd med gjeldande miljøkrav og beste tilgjengelege kunnskap på tidspunktet for gjennomføring.

Vurderingar etter naturmangfaldlova og vassforskrifta

Dette er en mindre endring så Statsforvalterens vurderinger av tiltaket etter naturmangfoldloven og vassforskrifta gitt i vårt vedtak 21. september 2020, også er gjeldande for denne endringa.

Vedtak

Statsforvaltaren endrar løyve til anleggsarbeider i sjø knytt til etablering av tørrdokk på Gulen industriområde. Endringa er heimla i forureiningslova § 18. Løyvet er gjeve på spesifikke vilkår som er lista opp i eige vedlegg.

Gebyr for saksbehandling

Statsforvaltaren tar gebyr for arbeid med løyver og kontroll etter forureiningslova. Ut frå Statsforvaltarens ressursbruk i saka, vedtek vi gebyr etter sats 7, 23 700 kroner, for behandling av søknaden, jf. forureiningsforskrifta § 39-3, jf. § 39-4. Faktura blir sendt frå Miljødirektoratet. Sjå forureiningsforskrifta kapittel 39 for meir informasjon om saksbehandlingsgebyret.

Endring og omgjeriing

De pliktar å unngå unødvendig forureining, jf. forureiningslova § 7. Viser det seg at forureiningstilhøva endrar seg, kan Statsforvaltaren med heimel i forureiningslova § 18, endre vilkåra i løyvet og sette nye vilkår, og om nødvendig trekkje løyvet tilbake.

Endringar skal være basert på skriftleg saksbehandling og en forsvarleg utgreiing av saken. At det er gitt løyve til forureining, ekskluderer ikkje erstatningsansvar for skade, ulemper eller tap forårsaka av forureininga, jf. forureiningslova § 56.

Brot på utsleppsløyvet er straffbart etter forureiningslova §§ 78 og 79. Også brot på krav som følgjer direkte av forureiningslova og produktkontrollloven samt forskrifter fastsett i medhald av desse lovene, er straffbart.

Rett til å klage

De har fått endra løyve til mudring, dumping, undervasssprenging og utfylling i sjø. Dersom det likevel skulle være noko de ønskjer å klage på, inkludert vedtaket om gebyr, kan de klage til Miljødirektoratet, jf. forvaltningslova § 28. Fristen for å klage er tre veker etter at de har motteke dette brevet. Klagen bør vere skriftleg grunngjeven, og skal sendast til Statsforvaltaren i Vestland.

Med helsing

Lars Marin Færseth
seksjonsleiar

Magne Nesse
senioringeniør

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor ingen underskrift.

Vedlegg: Løyvets vilkår

Kopi til:
Gulen kommune



Endra løyve til mudring, undervasssprenging og utfylling i sjø for Wergeland Gruppa AS.

Statsforvaltaren gjev Wergeland Gruppa AS løyve med heimel i forureiningslova § 11, jf. forureiningsforskrifta § 22-6. Me endrar løyvet med heimel i lovas § 18. Løyvet er gitt på grunnlag av opplysningar i søknad av 3. juni 2020 og opplysningar gitt i samband med revidert søknad datert 20. januar 2026.

Løyvet gjeld frå dags dato og fram til anleggsarbeidet er avslutta.

Dersom de ønskjer endringar utover det som er opplyst i søknaden eller under sakshandsaminga og som kan ha miljømessig betyding, må de på førehand avklare dette skifteleg med Statsforvaltaren.

Dersom heile eller vesentlege delar av løyvet ikkje er teke i bruk innan to år skal de sende melding til Statsforvaltaren om forventa oppstart, status i prosjektet med beskriving av eventuelle endringar som endrar risiko for forureining og evt. behov for endra avbøtande tiltak. Statsforvaltaren vil då vurdere behov for eventuelle endringar i løyvet og om endring av løyvet krev ny søknadsrunde.

Statsforvaltarens referanse

Løyvenummer	Anleggsnummer
2020.0843.T	4635.0113.01 (dumpelokalitet) 4635.0114.01 (utfylling jackup fundament) 4635.0115.01 (mudrelokalitet)

Bedriftsdata

Bedrift	Wergeland Gruppa AS
Postadresse	Gulafjordsvegen 75, 5960 Gulen
Kommune og fylke	Gulen, Vestland
Org.nummer /eigd av	972 141 844 / 923 265 600

Løyve første gang gitt: 21. september 2020		Løyve sist endret: 23. mars 2026
Lars Martin Færseth seksjonsleiar		Magne Nesse senioringeniør

Løyvet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift

**Endringslogg**

Endrings- nummer	Endringsdato	Vilkår og omtale av endringar
1	23. mars 2026	Løyvet vert fornya og nytt vilkår 4.7 havnespy



1.1 Umfang

- Mudring/oppgraving frå sjøbotn med lekter av ca. 8 000 fm³ lausmasser (sand/grus/silt) og 12 000 fm³ tidlegare utfylte sprengsteinsmassar
- Sprenging under vatn av fast fjell etter at lausmassane er fjerna, ca. 58 000 fm³.
- Sprenging av fast fjell på land (ca. 40 000 fm³) der det meste av steinmassane fell i sjøen og må gravast opp frå sjø
- Dumping av 8 400 am³ lausmassar frå lekter på ca. 170-190 meters djupne, ca. 650 meter frå mudrestaden. Det er anteke at massane vil fordele seg over eit areal på 61 000 m².
- Ca. 123 000 am³ av utsprengt fjell og oppgraven sprengstein skal nyttast til å etablere fundament/plate for riggar på ca. 25 meters djupne.

Tiltaka er planlagt utført frå desember 2020 og ut februar 2021



Statsforvaltaren skal varslast om oppstart av arbeidet. Varselet skal sendast minimum ei veke før oppstart av arbeida. Det kan varslast med ein e-post til sfvlpst@Statsforvaltaren.no.



2. Generelle vilkår

2.1 Plikt til å redusere forureining så langt som mogeleg

All forureining frå verksemda, også utslepp til luft og vatn og dessutan støy og avfall, er isolert sett uønskt. Sjølv om ein held utsleppa innanfor fastsette utsleppsgrenser, pliktar verksemda å redusere utsleppa sine, også støy, så langt dette er mogleg utan urimelege kostnader. Plikta gjeld også utslepp av komponentar det ikkje uttrykkjeleg er sett grenser for gjennom vilkår i dette løyvet.

2.2 Plikt til førebyggjande vedlikehald

For å halde dei ordinære utsleppa på eit lågast mogeleg nivå og for å unngå utilsikta utslepp, skal verksemda sørge for førebyggjande vedlikehald av utstyr som kan føre til endring av utsleppa. System og rutinar for vedlikehald av slikt utstyr skal være dokumentert.

2.3 Tiltak ved auka forureiningsfare

Dersom det som følgje av unormale driftstilhøve eller av andre grunnar oppstår fare for auka forureining, pliktar verksemda å setje i verk tiltak som er nødvendige for å eliminere eller redusere den auka forureiningsfaren. Om nødvendig må verksemda redusere eller innstille drifta.

Verksemda skal så snart som mogeleg informere Statsforvaltaren om unormale tilhøve som har eller kan få forureiningsmessige følgjer. Akutt forureining skal i tillegg varslast i samsvar med punkt 2.5

2.4 Internkontroll

Verksemda plikter å ha internkontroll. Internkontrollen skal sikre og dokumentere at verksemda held krava i løyvet, forureiningslova og relevante forskrifter til lova. Verksemda plikter å halde internkontrollen oppdatert.

Verksemda plikter alltid å ha oversikt over alle aktivitetar som kan føre til forureining og kunne gjere greie for risiko. På basis av risikoanalyse skal verksemda sette i verk risikoreduserande tiltak.

Verksemda plikter å sjå til at den som til ei kvar tid mudrar, fyller ut, transporterer eller på anna måte handterer massar, har internkontrollsystem i tråd med vilkår 2.3.

2.5 Beredskap

Den ansvarlege skal sørge for å ha en nødvendig beredskap for å hindre, oppdage, stanse, fjerne og avgrense påverknad av akutt forureining for si verksemd, jf. forureiningslova § 40. Beredskap skal stå i et rimeleg forhold til sannsyn for akutt forureining og omfanget av skadane og ulempene som kan inntreffe. Beredskapsplikta inkluderer også utstyr og kompetanse til å fjerne og avgrense verknaden av forureininga.

Verksemda skal utarbeide beredskapsplan for tiltaket. Ved endra forhold skal beredskapsplanen oppdaterast. Beredskapsplanen skal være tilgjengeleg og kjent for dei som utfører arbeid der akutte hendingar i flg. planen, kan oppstå.

Ved akutt forureining eller fare for akutt forureining som følge av tiltaket, skal den ansvarlege straks varsle på telefon 110, etter *Forskrift om varsling av akutt forureining eller fare for akutt forureining* fastsett av Miljøverndepartementet 9. juli 1992. Statsforvaltaren skal også varslast.



2.6 Ansvar

Verksemda er ansvarleg for å sikre og dokumentere at vilkåra i dette løyvet vert stetta. Verksemda pliktar å ha oversikt over alle aktivitetar som kan medføre forureining og kunne gjere greie for risikoforhold. Verksemda pliktar vidare å orientere vedkommande som skal gjennomføre tiltaka om de vilkår som gjelder, samt de restriksjonar som er lagt på arbeidet.

2.7 Erstatningsansvar

Sjølv om løyve er gitt, pliktar den som forårsakar forureining eller annan type skade å svare for erstatning som måtte følge av alminnelege erstatningsreglar.

2.8 Kulturminne i sjø

Stiftelsen Bergens Sjøfartsmuseum gjer merksam på at tiltakshavar pliktar å gje melding til museet (marinarkeologi@museumvest.no) dersom ein under arbeid i sjøområda finn skipsvrak, keramikk eller andre marine kulturminne. Dersom kulturminne på sjøbotnen kan bli råka av tiltaket, må arbeidet under vatn straks stoppast. Verksemda må i så fall ikkje starte opp att før museet har undersøkt og eventuelt frigjeve området. Eventuelle brot på desse vilkåra vil være i strid med føresegnene i Lov av 9. juni 1978 nr. 50 om kulturminne.

2.9 Sakshandsaming etter anna lovverk

Denne løyvet fritar ikkje for handsaming og/eller løyve etter annet lovverk som gled tiltaket, for eksempel hamne- og farvasslova og plan- og bygningslova.

3. Miljømål

Følgjande miljømål er sett for tiltaket:

- Mudring, sprenging, dumping og utfylling av masser skal ikkje medføre uakseptabel spreiding av miljøgifter eller finstoff til resipienten.
- Sprengingsarbeida i anleggsfasen og utfylling av sprengsteinsmassar i resipient skal ikkje medføre uakseptabel forureining og spreiding av plast til resipienten.
- Støy i anleggsfasen skal ikkje ha negativ konsekvens for aktuelle naturverdiar i sjø og på land utanfor tiltaksområdet.
- Anleggsarbeida vert planlagt på ein slik måte at behovet for dumping av massar til resipienten vert minimert. Dette vert gjort ved at så mye som mogleg av overskotsmassane vert gjenvunne/omdisponert lokalt som utfyllingsmassar. Lokal disponering avgrensar også klimagassutslepp som følge av massetransport for tiltaket.

4. Vilkår for utføring, kontroll og overvaking av tiltak i sjø

4.1 Generelt

Tiltaka i sjø skal utførast på en slik måte at finpartikulært materiale frå sjøbotn og frå utfyllingsmassar i minst mogleg grad blir spreidd.

4.2 Mudring

Opptak, transport og anna handtering av mudringsmassar fram til dumpestad skal utførast med teknologi/utstyr som samla gjer minst miljøbelastning i form av spreiding av finpartiklar. Mest mogeleg av gravearbeid og sprengingsarbeid i inste del av tørrdokk skal utførast bak gjenstående fjell mot sjø for å hindre erosjon og avrenning til sjø.

Spreiding av finstoff i forbindelse med sprengingsarbeida skal bygrensas ved å sprengje ut fjellet



med sikte på uttak av grove blokker.

4.3 Dumping

Dumping av inntil 8 400 am³ mudra lausmassar kan skje på klarert stad angjeven i søknad datert 3. juni 2020. Fartøya som skal dumpe må forholde seg til sjøtrafikkssentralen Fedje og gjeldande sjøtrafikkforskrift for området.

Dumping skal utførast på et tidspunkt med roleg sjø for å avgrense spreining.

Spreining av mudringsmassar til vassmassane skal overvakast visuelt. Eventuelt behov for ytterlegare avbøtande tiltak skal vurderast løypande.

4.4 Sprenging under vann

Undervasssprenging er estimert å totalt omfatte ca. 58 000 fm³ masser.

Av omsyn til anna fisk utanfor tiltaksområdet skal det nyttast sprengingsteknikkar som reduserer trykkgølgjene til eit nivå der det er liten risiko for negativ påverking.

Det skal gjerast ei vurdering av forventa lydtrykk frå undervasssprenging av akustikar og biolog på bakgrunn av den aktuelle sprengingsmetodikken som entreprenør ønskjer å nytte.

Nødvendige avbøtande tiltak ved undervasssprenging for dei ulike lokalitetane må beskrivast i kontroll- og overvaksingsplan, også eventuell bruk av boblegardin.

Tiltakshavar må kontakte eigar av oppdrettsanlegg lokalitet 11700 Storeneset, Firda Sjøfarmer AS og varsle før undervasssprenging vert utført.

Det etablerast ein rutine med "varselskot" i sjø 2-3 minutt før sprenging for å forberede/skremme vekk fisk og sjøpattedyr i nærleiken.

4.5 Utfylling i sjø

Det skal nyttast mest mogeleg reine massar til utfylling. Det skal utarbeidast rutinar for kontroll av steinmassar før desse vert fylt i sjøen. Innhald av plastrestar og anna forureining frå sprengstein skal primært ikkje hamne i sjøen. Det skal være rutinar for å reinske opp eventuelle forureiningar som følgjer med steinmassane.

4.6 Oppsamling av avfall i sjø/plast

Det skal gjerast tiltak for å avgrense tilførsel av plast til naturen. Det skal gjennomførast opprydding av plast og annet avfall undervegs og i etterkant av tiltaket ved tiltaksområdet og nærliggande områder. Rutinar for dette skal føreligge skriftleg. Oppsamling av eventuelt avfall i sjøen skal loggførast. Rutinar for overvaking og oppsamling av avfall i sjøen skal inngå i overvaksingsplanen. Oppsamla avfall skal leverast til lovleg avfallsmottak.

Miljødirektoratet sitt faktaark¹ M-1085|2018 kan nyttast som ein rettleier.

¹ Problemer med plast i sjø ved utfylling av sprengstein i sjø. Miljødirektoratet M-1085/2018



4.7 Aktsemd ovanfor framande organismar

Den framande arten havnespy/japansk sjøpung (*Didemnum vexillum*) er allereie etablert fleire stader i landet også i Sløvågen i Gulen. Dette er ein framand og uønskt art som formerer seg raskt og fører til store problem for marine miljø og næringar. Arten veks mellom anna på skrog, fortøyingar, brygger og anna som finst i sjøen. Vestland fylke har gjennom dei siste åra registrert ein auke i observasjonar av havnespy. Arten spreier seg via skipsfart, særleg inne i dei største hamnene som har vitjing av utanlandske skip. Arten kan òg spreie seg til mindre hamner via småbåtar eller festa til tauverk, blåser og andre flyteobjekt i sjøen.

Statsforvaltaren minner om aktsomheitsplikta i høve til forskrift om framande organismar § 18. Der står det at den som set i verk tiltak som kan føre til utilsikta spreining av framande organismar i miljøet, skal opptre aktsamt for å hindre at aktiviteten får uheldige følgjer for det biologiske mangfaldet. Tiltakshavar skal ha kunnskap om risikoen aktiviteten inneber, kunnskap til å treffe førebyggjande tiltak og kunnskap til å raskt oppdage utilsikta spreining av framande organismar. Mistanke om funn av havnespy [må meldast inn](#) og verifiserast av marinbiologisk kompetanse. Dersom havnespy blir stadfesta, [skal observasjonen rapporterast til Artsdatabanken](#), og det må setjast i verk tiltak for å unngå vidare spreining. Slike tiltak skal skje i samsvar med [retteleiing gitt av Sjøfartsdirektoratet](#).

5. Avfall

Wergeland Gruppa AS plikter, så langt det er mogeleg utan urimelege kostnader eller ulemper, å unngå at det vert danna avfall som følgje av tiltaket. Særleg skal innhald av skadelege stoff i avfallet avgrensast mest mogeleg.

Verksemda plikter å sørge for at alt avfall, også farleg avfall, blir handtert i samsvar med gjeldande regler for dette fastsett i eller i medhald av forureiningslova og avfallsforskrifta.

6. Miljøriskovurdering og kontroll og overvaksingsplan

6.1 Miljøriskovurdering

Verksemda har laga ei miljøriskovurdering² for tiltaka, som skal haldast oppdatert.

I løyvet er det omtala følgjande som må oppdaterast:

- Vurdering av forventta lydtrykk frå undervasssprenging ved dei ulike lokalitetane, utført av akustikar på bakgrunn av den aktuelle sprengingsmetodikken som entreprenør ønskjer å nytte.
- Rutinar for overvaking og oppsamling av avfall i sjøen

Miljøriskovurderinga skal omfatte alle tilhøve ved tiltaka i sjø som kan medføre forureining med fare for helse- og/eller miljøskadar. Miljøriskovurderinga dannar grunnlaget for kontroll- og overvaksingsplanen

6.2. Kontroll- og overvaksingsplan

Det skal utførast kontroll og overvaking av tiltaka i sjø etter ein kontroll- og overvaksingsplan. Denne skal lagast i tråd med anbefalingar gjeve i *Rettleiar for handtering av sedimenter* M-350/2015, og stette løyvets vilkår.

² SØKNAD OM TILLATELSE TIL MUDRING, DUMPING OG UTFYLLING I FORBINDELSE MED ETABLERING AV TØRRDOKK OG KAI, WERGELAND BASE, I GULEN KOMMUNE. Sweco 17. april 2020



Overvakinga skal være tilstrekkeleg til å avdekke eventuell spreiring av forureining i samband med gjennomføring av tiltaka.

6.3. Oversending dokument før oppstart

Følgjande dokument skal sendast Statsforvaltaren før oppstart av tiltaka i sjø:

- Oppdatert miljøriskovurdering, inkludert akustisk vurdering av undervasssprenging
- Kontroll- og overvaksingsplan

7. Sluttrapport

Wergeland Grappa AS skal sende rapport til Statsforvaltaren innan 10 veker etter at tiltaket er gjennomført.

Rapporten skal innehalde:

- Opplysningar om mengder masse som faktisk har blitt mudra, dumpa og utfylt (i m³ eller tonn).
- Plassering av massane (kart med posisjon)
- Oversikt over eventuelle avvik frå løyvet og kva slags korrigerande tiltak som ble satt i verk
- Dokumentasjon av levering av avfall.

8. Tilsyn

Wergeland Grappa AS plikter å la representantar frå Statsforvaltaren føre tilsyn med anlegget når som helst.



Wergeland Gruppa AS

Brevet sendt pr. e-post til richardtangen@gmail.com

Løyve etter forureiningslova for ulike anleggstiltak i sjø ved Sløvåg for Wergeland Gruppa AS

Fylkesmannen i Vestland gjer Wergeland Gruppa AS løyve etter forureiningslova til mudring, dumping, undervasssprenging og utfylling i sjø. Formålet med tiltaka er utviding av Sløvåg industriområde for mellom anna å etablera ein tørrdokk.

Tiltaka er planlagt utført frå desember 2020 og ut februar 2021. Løyve er gjeve med heimel i forureiningslova § 11, jf. forureiningsforskrifta § 22-6.

Løyvet er gjeve på grunnlag av opplysningar gjeve i søknad datert 3. juni 2020.

Om tiltaket


Det er planlagt ei utviding av Gulen industriområde for å etablera ein djupvannstørrdokk og lage eit fundament på 25 meters djupne i sjø for at jackup- riggar og andre konstruksjonar kan plasserast der midlertidig. Utvidinga av industriområdet er godkjend etter plan og bygningslova i reguleringsplan¹ Gulen industrihamn. Tørrdokka har eit areal på 220 x 100 meter og seglingsdjupne på minus 24 meter. Riggfundamentet sin topp er på kote minus 25, avtrykk fyllingsfot er 105 x 105 meter, areal topp fundament er 85 x 85 meter. Tiltaka er planlagt utført frå desember 2020 og ut februar 2021.

Arbeida om er omfatta av søknaden er:

- Mudring/oppgraving frå sjøbotn med lekter av ca. 8 000 fm³ lausmasser (sand/grus/silt) og 12 000 fm³ tidlegare utfylte sprengsteinsmassar
- Sprenging under vatn av fast fjell etter at lausmassane er fjerna, ca. 58 000 fm³.
- Sprenging av fast fjell på land (ca. 40 000 fm³) der det meste av steinmassane fell i sjøen og må gravast opp frå sjø
- Dumping av 8 400 am³ lausmassar frå lekter på ca. 170-190 meters djupne, ca. 650 meter frå mudrestaden. Det er anteke at massane vil fordele seg over eit areal på 61 000 m².
- Ca. 123 000 am³ av utsprengt fjell og oppgravd sprengstein skal nyttast til å etablere fundament for riggar på ca. 25 meters djupne.

¹ "Gulen industrihamn, gbnr. 63/15". Planid: 2013003. Vedteken 18. oktober 2018.

- Dei resterande 14 000 am³ utsprengt fjell skal takast på land og knusast til fraksjonar som skal nyttast i tiltaket.



Figur 1 Kart som viser tiltaka omfatta av søknaden, plan av dokk og snitt av riggfundament i sjø (Sweco 2020)

Miljøtilstanden på sjøbotn som skal mudrast er kartlagt². Resultata viser lausmassane som skal fjernast og dumpast ikkje er forureina med miljøgifter (tungmetall og organiske miljøgifter). Sweco, har på vegne av Wergeland Gruppa AS, utført risikovurdering ut frå omsyn til spreining av forureining, kulturminne i sjø, kjende naturverdiar og fiskeriinteresser, vurdert behov for avbøtande tiltak og laga ein tiltaksplan.

² Rådgivende Biologer 2019 (sedimentprøver), Fyllingen Sjø AS 2011, boniteringsundersøkelser (dybde til fast fjell)

Mudring og dumping av inntil 8 000 fm³ løsmasser er vurdert til å gje størst spreining av partiklar i sjø. Sjøbotn inneheld ikkje miljøgifter så det er reine partiklar som vert spreidd. Det øvste laget (5 – 30 cm) inneheld mykje finstoff (45 – 80 %) og lette partiklar kan spreiest langt avhengig av straum. NIVA³ har utført ein modellering av straum rundt Sløvåg og har funne at dominerande straumretning om vinteren er mot nordvest med straum på 10 – 20 cm/sek og toppar på 50 cm/sek. Siltgardin er vurdert til å ikkje fungere pga. straum og djupne på staden. Sweco har gjort ei worst case spreingsanalyse av kor langt og i kva konsentrasjoner dei finaste partiklane kan verte spreidd. Sweco fant at med dei avstandar det er til næraste registrerte fiskeri, - friluftsliv og marint mangfald lokalitetar så er det lite sannsynleg at partiklar vil nå desse lokalitetane i konsentrasjonar som vil utgjere noko nemneverdig risiko for nedslamming eller andre negative effektar.

Risiko for skadelege effektar knytt til undervasssprenging er av Sweco vurdert til lav for næraste oppdrettsanlegg (3,8 km luftlinje). Det skal nyttast sprengingsteknikkar som reduserer trykkbølger (sekvensiell tenning og fordemming av borehol) samt at topografien (vik/øyar) skjermar trykkbølgene mot direkte slaglengde mot oppdrettsanlegget. Trykkbølgene kan drepe eller skade fisk og sjøpattedyr som befinn seg nært sprengingsstaden og avbøtande tiltak er å avfyre varselskot før sprenging.

Risiko for spreining av plast frå skytestreng mv skal reduserast ved å nytte sprengingsteknikkar som medfører lite plast samt ha rutinar for oppsamling av synleg plast som flyt basert på visuell overvaking. Det nyttast eit grovt borehullsmønster (4 m x 3 m) med lading av pumpebart sprengstoff frå lekter ("slurry"). Dette minimerer bruk av laderør/plastpatroner, og tal på borehol med 50 %.

Ein kontroll- og overvåkingsplan skal utarbeidast basert på løyve gjeve av Fylkesmannen.

Høyring

Søknaden er sendt på høyring til Gulen kommune, Fiskeridirektoratet, Fiskarlaget Sogn og Fjordane og Stiftelsen Bergen sjøfartsmuseum. Søkjar har innhenta uttaler frå Havforskningsinstituttet og Kystverket, som var vedlagt søknaden. Vi har mottatt følgjande uttaler:

Kystverket (7. mai 2019) uttaler seg til dumpestaden som ligg innafor Kystverkets forvaltningsområde etter havne- og farvannslova. Massane som skal dumpast på 200 meters djupne vil ikkje ha betydning for framkomelegheit i farleia, men Kystverket oppfordrar til å fordele massane i dumpingsområdet. Fartøya som skal dumpe må forholde seg til sjøtrafikksentralen Fedje og gjeldande trafikkforskrift.

Havforskningsinstituttet (10. desember 2019) skriv at det ikkje er gytefelt for kysttorsk som er direkte tilknytt stad der lausmassar skal mudrast og dumpast.

Gulen kommune ved plan, landbruk og teknisk (4. april 2020 og 16. juli 2020)

Gulen kommune stadfester at omsøkte anleggstiltak er i samsvar med gjeldande reguleringsplan.

Stiftelsen Bergens sjøfartsmuseum (30. juli 2020): Museet kjenner ikkje til marine kulturminne som kan bli påverka av tiltaket. Museet viser til den generelle plikta etter kulturminnelova om

³ NIVA 2013 Modellering av oljeutslipp i Sløvåg. Rapport L.NR 6554-2013

stans i arbeid og varsling til museet dersom skipsvrak, keramikk eller andre marine kulturminne vert observert under arbeidet.

Fiskeridirektoratet, Region vest (21 august 2020):

Fiskeridirektoratet beskriv akvakultur, fiskeri og marint biologisk mangfald som kan verte påverka slik: Det er om lag 3,5 kilometer frå anleggsområdet til lokalitet 11700 Storeneset eigd av Firda Sjøfarmer AS. Like nord for tiltaksområdet er det registrert et større fiskefelt for garnfiske etter lyr, breiflabb, sei og torsk. Det er registrert større tareskogforekomstar i Sløvågen.

Direktoratets vurdering er (sitat): "Det må ikke sprenges i nærheten av akvakulturanlegg med fisk i uten at man er helt sikker på at avstanden er stor nok til at fisken ikke tar skade av det. Oppdrettsfisk i merd kan stresses av trykkbølgene fra sprengingen. Firda Sjøfarmer AS som er innehaver av lokalitet Storevik må kontaktes i forkant av sprengningsarbeidet for å avklare og overvåke dette.

Ved sprenging i sjø bør det, i tillegg til sekvensiell avfyring av salver, settes inn skadereducerende tiltak som boblegardin for å redusere spredning av trykkbølger ut i vannmassene.

I forbindelse med mudring og utfylling anbefaler vi, i tillegg til de planlagte tiltak, at det settes vilkår om bruk av siltgardin i den grad det er mulig, dette for å hindre spredning av finpartikler og potensiell nedslamming av tareskogforekomsten nord for tiltaksområdet."

Fylkesmannens si grunngjeving for løyvet

Rettsleg grunnlag

Mudring og sprenging i sjø krev løyve etter forureiningsforskrifta kapittel 22, jf. § 22-6. Utfylling i sjø frå land krev løyve etter forureiningslova § 11 når utfylling skjer på forureina sjøbotn og/eller kan påverke fiskeri og marint biologisk mangfald negativt. Fylkesmannen er forureiningsmynde etter forskrifta og forureiningslova.

Fylkesmannen har vurdert dei forureiningsmessige ulempene ved tiltaket jamført med dei fordeler og ulemper tiltaket elles medfører, jf. forureiningslova § 11. Fylkesmannen legg til grunn anbefalingar i Miljødirektoratets rettleiar M-350/2015 "Handtering av sedimenter" for si avgjerd. Prinsippa i naturmangfaldlova §§ 8 til 12 og krav i vassforskrifta er lagt til grunn som retningslinjer ved skjønnsutøvinga etter forureiningslova

Avgrensing mot plan- og bygningsloven

Fylkesmannen kan ikkje gje løyve etter forureiningslova § 11 dersom dette er i strid med endelege planer etter plan- og bygningsloven. Gulen kommune stadfestar i sin uttale at tiltaket er i samsvar med gjeldande reguleringsplan.

Reguleringsplanen har i føresegn § 2.1.11 følgjande bestemmelse:

" Ved sprenging/peling under vatn skal det nyttast boblegardin eller annan tilsvarande støydempande/avbøtande tiltak."

Vassforskrifta

Fylkesmannen har vurdert tiltaket etter vassforskriftas reglar. Forringelse av ei vassførekomst er ikkje lov med mindre det er høve til å gje unntak, jf. vassforskrifta

§ 12. I denne saken legger Fylkesmannen til grunn at tiltaket vil gje ei midlertidig påverking og at tilstanden i resipienten vil gjenopprettes når utslippet stansar. Svingingar i tilstanden til vassførekomstar som følgje av anleggsarbeid gjer moglegheit for unntak. Dette følger av rettleiing⁴ til vassforskrifta.


Fare for forureining og påverknad

Mudring, dumping og utfylling i sjø på sjøbotn kan blakke vatnet og nedslamme omkringliggende sjøareal. Partiklar i for høge konsentrasjonar kan ha negative effektar på fisk, skaldyr og marint naturmiljø. Plastforureining i sprengstein frå skytestreng mm kan spreie seg ved utfylling/sprenging i sjø.

Trykkbølgjer i sjø frå undervasssprenging kan skremme, skade og eventuelt drepe fisk som er i nærleiken av sprengingsområdet dersom trykkbølgjene er for høge.

Naturmangfald inkludert fiskeri

Søk i databasen Naturbase og Fiskeridirektoratets kartbase Yggdrasil 21. september 2020 viser ingen artar og naturtypar av nasjonal forvaltningsinteresse eller fiskeriinteresser i eller nær tiltaksområdet.



Figur 2 Fiskeinteresser og marine naturtyper registrert rundt tiltaksområdet (Kystinfo). Dei marine naturtypane (grøn skravur) er angjeve som "større taesekogførekomstar".

Næraste marine naturtype er større taesekogførekomst ca. 550 meter nordaust for dumpebaden, vest for innseglinga til Sløvåg ferjekai. Det er registrert eit fiskefelt for passive reiskap i Brandangersundet ca. 900 meter nordvest for dumpeområdet, samt oppdrettslokalitet lokalitet 11700 som er omtala ovanfor.

⁴ Rettleiar om unntak frå miljømål. Guidance Document No. 20 – Technical Report – 2009 - 027

Vurdering av søknaden

Fylkesmannen vurderer at søknaden med tilhørende dokumentasjon er i samsvar med forureiningsforskriftas § 36-2, som set krav til innhald i søknader om løyve etter forureiningslova.

Fylkesmannen meiner i hovudsak at faren for spreiding av forureining og negativ påverknad er akseptabel med dei avbøtande tiltaka som er foreslått i Sweco sin rapport datert 3. juni 2020. Dei omsøkte avbøtande tiltaka er teken inn som vilkår i løyvet.

Fylkesmannen har gjeve vilkår om følgande tema, i tillegg til dei som er beskriven i søknaden:

- Vi legg vekt på uttalen frå Fiskeridirektoratet og krev at det skal gjerast ei vurdering av forventet lydtrykk frå undervasssprenging av akustikar på bakgrunn av den aktuelle sprengingsmetodikken som entreprenør ønskjer å nytte. Nødvendige avbøtande tiltak ved undervasssprenging må beskrivast i kontroll- og overvåkingsplan.
- Utarbeide en rutine for å redusere plastforureining når type tennsystem som skal nyttast til utsprenging av massar er kjent. Dersom det vert nytta tennsystem som flyter skal plast innsamlast og leverast til avfallsmottak som eigen fraksjon, der vekt vert registrert. Vekt innsamla plastavfall skal samanstillast med berekna plastinnhald i m³ stein utfyllt i same tidsperiode. Rutiner for overvåking og oppsamling av avfall i sjøen må beskrivast i kontroll- og overvåkingsplan.

Fylkesmannen krev tilsendt oppdatert miljørisikovurdering og kontroll- og overvåkingsplan, for tiltaka når val av entreprenør og utstyr/metodikk for tiltaka er bestemt, jf. vilkår 7.2

Vi kommenterer dei ulike tiltaka i sjø nedanfor.

Dumping av lausmassar

Fylkesmannen vurderer at det er dumping av lausmassar ca. 650 meter frå land på ca. 170 meters djupne som utgjer størst risiko for spreiding av finstoff/partiklar frå massane. Basert på prøvetaking og bonitering er det anslege konservativt at finstoffet (< 0,063 µm) som kan transporterast med straum, utgjer maks 1 200 fm³ av dei 8 000 fm³ lausmasser som skal mudrast og dumpast. Dumpinga skal skje med splittlekter med maks 800 m³ last pr dumping og det vil gå fleire timar mellom kvar dumping. Ei siltgardin vil med stor sannsyn ikkje fungere⁵ på dumpestanden pga forventet straumhastigheiter over 50 cm/s om vinteren og stor djupne.

Næraste registrerte naturinteresse som kan bli negativ påverka er tareskog førekomst ca. 550 meter nordaust for dumpestanden. NIVA utførte i 2013 ein modellering av eit tenkt utslepp av olje i sjø frå kaia i Sløvåg for vintersituasjon. Modelleringa var basert på fleire års vindmålingar og straummålingar. Dominerande straumretningar (NIVA) er nordvest mot Skipevika/Sandøyna og vidare nord Brandangersundets vestlege side og sørover inn Fensfjorden. Fylkesmannen meiner det er dokumentert lav risiko for nedslamming av tareførekomst basert på straumtilhøve, fortynning av finpartiklar og avstand/plassering av tareførekomsten og tillèt at dumping av reine massar kan skje som omsøkt utan siltgardin.

⁵ Siltgardiner. Funksjon, tilpasning og oppfølging. Statens vegvesen rapport 205/2013 pkt. 3.2.2.

Undervasssprenging

Det skal sprengjast totalt ca. 58 000 m³ massar. Sjøbotn skal mudrast for lausmasser før sprenging.

Det skal nyttas sprengingsteknikkar som reduserer trykkbølgene til eit nivå med liten risiko for negativ påverknad for anna villfisk og marint liv.

Det skal gjerast ei vurdering av forventta lydtrykk frå undervasssprenging av akustikar og biolog på bakgrunn av den aktuelle sprengingsmetodikken som entreprenør ønskjer å nytte.

Nødvendige avbøtande tiltak ved undervasssprenging for dei ulike lokalitetane må beskrivast i kontroll- og overvåkingsplan, også eventuell bruk av boblegardin. Tiltakshavar må kontakte eigar av oppdrettsanlegg lokalitet 11700 Storeneset, Firda Sjøfarmer AS og varsle før undervasssprenging vert utført.

Utfylling

Det skal fyllast ut ca. 123 000 am³ sprengstein i sjø for å etablere ei plate for føtene til jackup riggar.

Massane skal kontrollerast for innehald av plastforureining før utfylling. Det skal etablerast rutinar for overvaking og jamleg oppsamling av eventuelle forureiningar som følgjer med utfyllingsmassane.

Oppsummering

Fylkesmannen meiner at med dei avbøtande tiltak som krevst i løyvets vilkår, så vil man redusere risiko for spreining av partiklar og andre negative påverknader til et akseptabelt nivå.

Både forureiningssituasjonen og naturmangfaldet er kartlagt, og kravet i naturmangfaldlova § 8 om at saken skal baserast på eksisterande og tilgjengeleg kunnskap, er dermed oppfylt. Kunnskapsgrunnlaget for tiltaket er vurdert som tilstrekkeleg, og føre-var prinsippet i § 9 i naturmangfaldlova er ivaretatt ved at tiltaket er regulert med vilkår etter forureiningslova.

Kravet om miljøforsvarlege teknikkar og driftsmetoder for å avgrense skade på naturmangfaldet vil bli oppfylt når arbeidet vert utført i samsvar med vilkår i løyvet, jf. naturmangfaldlova § 12.

Vedtak

Fylkesmannen gjev løyve til utfylling av masser, mudring, dumping og undervasssprenging til Wergeland Gruppa AS. Løyvet er heimla i forureiningslova § 11, jf. forureiningsforskrifta § 22-6. Løyvet er gjeve på spesifikke vilkår som er lista opp i eige vedlegg.

Gebyr for saksbehandling

Fylkesmannen tar gebyr for arbeid med løyver og kontroll etter forureiningslova. Ut frå Fylkesmannens ressursbruk i saka, vedtek vi gebyr etter sats 6, 33 300 kroner, for behandling av søknaden, jf. forureiningsforskrifta § 39-3, jf. § 39-4. Faktura blir sendt frå Miljødirektoratet. Sjå forureiningsforskrifta kapittel 39 for meir informasjon om saksbehandlingsgebyret.

Endring og omgjeriing

De pliktar å unngå unødvendig forureining, jf. forureiningslova § 7. Viser det seg at forureiningstilhøva endrar seg, kan Fylkesmannen med heimel i forureiningslova § 18, endre vilkåra i løyvet og sette nye vilkår, og om nødvendig trekkje løyvet tilbake.

Endringar skal være basert på skriftleg saksbehandling og en forsvarleg utgreiing av saken. At det er gitt løyve til forureining, ekskluderer ikkje erstatningsansvar for skade, ulemper eller tap forårsaka av forureininga, jf. forureiningslova § 56.

Brot på utsleppsløyvet er straffbart etter forureiningslova §§ 78 og 79. Også brot på krav som følgjer direkte av forureiningslova og produktkontrollloven samt forskrifter fastsett i medhald av desse lovene, er straffbart.

Rett til å klage

De har fått løyve til mudring, dumping, undervasssprenging og utfylling i sjø. Dersom det likevel skulle være noko de ønskjer å klage på, inkludert vedtaket om gebyr, kan de klage til Miljødirektoratet, jf. forvaltningslova § 28. Fristen for å klage er tre veker etter at de har motteke dette brevet. Klagen bør vere skriftleg grunngjeven, og skal sendast til Fylkesmannen i Vestland.

Med helsing

Ingrid Torsnes
senioringeniør

Magne Nesse
senioringeniør

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor ingen underskrift.

Vedlegg: Løyvets vilkår

Kopi til:
Gulen kommune
Kystverket
Fiskeridirektoratet, Region Vest
Fiskarlaget Sogn & Fjordane
Firda Sjøfarmer AS
Stiftelsen Bergen Sjøfartsmuseum